



## Landarrangementet

Når båtane er vel i mål oppfordrar vi alle til å gå til Askøy Seilsportsenter, for å vera med på arrangementet der laurdag ettermiddag/kveld. Vi skal finne plass til alle båtane i hamna, og dei som vil, kan overnatte til søndag, utan at det kostar noko.

På land vil det vera tente grillar, men grillmaten må de ta med sjølve. Det blir også «sjølvsteiking av vaflar». Er det opphaldsvær kan ein vera ute på kaiområdet, er det regn, har vi både båthallen og terrasseteltet med bord og benker.

Også i år kjem «Gubbekoret» og underheld ca kl 1930. Når resultata frå seglasen er klare, vert det premieutdeling i båthallen.

For dei som vil overnatte i båtane til søndag, enten dei høyrer heime i hamna eller ikkje, er det gratis frukost i klubbhuset kl 10 søndag. Men det er viktig at alle som vil vera med på dette må melde frå på SMS til mobil 91848527 innan fredag kl 16:00. Husk å opplyse om kor mange som kjem.

Landarrangementet laurdag vert avslutta kl 23:00. For dei som overnattar i hamna, merk følgjande: Det er ikkje tillate med levande ljós i båtane. Det skal vera ro i hamna kl 24:00.

Alle er velkomne både til regattaen og landarrangementet etterpå!

Arrangementskomiteen.